

Jostedal Historielag – Årsmelding for 2015

Årsmøtet vart halde den 18. mars 2015, på Jostedal Hotell.

Saksliste:

1. Velkomst / møteinnkalling
2. Val av møteleiar
3. Val av skrivar
4. Årsmelding v/ leiar
5. Årsrekneskap v/ kasserar
6. Val til styre og ansvarlege for bygningar
7. Val av valnemnd, revisor og boknemnd
8. Neste års medlemskontingent
9. Arbeidsplan / Budget for 2015
10. Andre saker

Etter årsmøtet vert det orientering om arbeidet me nye «adresser» i Jostedalen/Kommunen.

Sak 1,2 og 3.

Leiar (Olav Stølen) ynskte velkommen til årsmøtet og vart deretter vald som møteleiar. Oddmund Løkensgard Hoel vald som skrivar.

Sak 4. Årsmelding.

Om Berget. Leiaren orienterte om planer/økonomiske overslag for ei omfattande restaurering av Berget og om eksisterande leigeavtale, som går ut om 13 år. Det er for kort tid til å søkje om større midlar til restaurering. Laget tok derfor skrifteleg kontakt med eigarane om mogelegheit for å opprette ei stifting for bevaring av Berget. Eigaren var delte i sin vurdering av å opprette ei stifting, men der var positiv innstilling til ei ny langsiktig forpaktningssavtale. Førrebeils har JH ikkje teke ny kontakt til eigarane.

Vedlikehald av hus og kvern. Vinteren 2014/2015, med mykje snø, kravde ekstra arbeid/kostnader med å rydde snø av taki på husi i Berget, Skulehuset og Kverni. Elles har det berre vore rydding og tilsyn med husi.

Stadnamnprosjektet. Det manglar stadig kartfesting og innlesing av ein del namn i Luster og på Hafslo. Elles går arbeidet greitt på Fylkesarkivet, og det er no digitalisert om lag 13.000 namn. Stadnamna finn du på: <http://www.fylkesarkiv.no>. Kniper det med å orientere seg på nettet, kan ein ringje til Randi Melvær/Fylkesarkivet for hjelp. Telefon: 5765 6400.

På marknadshelgi i Samfunnshuset, den 11. juli, hadde JH ein stand med kart over lokale stadnamn. Det vart også demonstret korleis ein kan leite opp stadnamn på nettet.

Fossabruai og den gamle ferdavegen Døsen – Vigdal – Ormbergstøl – Viva. JH har arbeidet med å skaffe midlar m.a. frå «spelemidlar» til restaurering av Fossabruai og til restaurering av vegen frå Vigdal – Flaumparken – Viva. JH kan ikkje søkje om spelemidlar og har derfor gjort avtale med Luster turlag, som inngår som søkjar.

Informasjonstavler til Flauparken. Jostedal Historielag har laga 2 informasjonstavler om: **Elvi og dalen**. Begge tavler er sette opp.

Arbeidet med Kulturhistorisk årbok nr. 7, for Luster. Det er Luster Sogelag/Bjørg Hovland som har hovudansvaret for årbok nr. 7. Boki er ferdig for prenting, men på bokkontoen manglar det stadig ca. 30.000 kr. Dei tre sogelagi vil no prøve å skaffe desse midlar og kjem det på plass, kan årboki sendas til trykkeri og kan eventuelt lanserast på Lustradagane i år.

Andre aktivitetar. Jostedal Historielag hadde saman med Luster og Hafslo Sogelag stand på Lustradagane. Her presenterte laga sine aktivitetar, hadde sal av bøker o.a.

Nye adresser i kommunen. Kristen Ormberg og Olav Stølen har delteke på fleire møte om dei nye adressene/vegnamna.

Stønad i 2015. Laget har fått stønad frå Luster Sparebank (20.000,- kr) og frå Breheimen Utviklingsfond (85.000,- kr).

Sak 5. Årsrekneskap.

Aud Fossøy la fram og gjennomgikk rekneskapen for 2014. Årsrekneskapen vart godkjend utan merknad.

Sak 6. Val til styre og ansvarlege for bygningar.

Aud Fossøy og Oddmund Løkensgard Hoel var på val og tok attval for 2 nye år i styret, og Olav Stølen i eit år som leiar.

Styret og nemnder etter val:

Leiar: Olav Stølen

Kasserar: Aud Fossøy

Sekretær: Oddmund L. Hoel

Styremedlem: Einar Blikra

Styremedlem: Lars Neset

Vara medlemer: Arne Aasen Hauge og Liv Espe

Tilsyn med Berget: Liv Espe, Einar Blikra, Lars Neset og Arne Aasen Hauge

Tilsyn med Kverni: Alfred Tuften og Olav Stølen

Tilsyn med Skulehuset: Åne Elgersma

Sak 7. Val av valnemnd og revisor.

Kristen Ormberg og Åne Elgersma vart attvalde til valnemnda, Gunnar Ruud attvald som revisor og Kristen Ormberg og Olav Stølen i boknemnda.

Sak 8. Medlemskontingent.

Det var einigheit om å halde medlemskontingenten på 150 kr.

Sak 9. Arbeidsplan, aktivitetar og budsjett for 2015.

Planlagt arbeid/aktivitetar vart for det det meste gjennomført etter plan.

10. Andre saker. Her var ikkje noko spesielt som vart teke opp.

Årsmøtet vart avslutta med kaffi og kveldsmat, og så orienterte Kristen Ormberg og Olav Stølen om arbeidet med dei nye vegnamna.

Eigen nettstad. Heimesida til Jostedal Historielag (Oddmund L. Hoel er redaktør) finn ein på:
<http://www.historielaget.jostedal.no>